

Program for Stord Senterparti 2019-2023

Senterpartiet byggjer Noreg si framtid på dei kristne og humanistiske grunnverdiane.

Grunnpillarane i Senterpartiet sin ideologi er:

- Fridom for einskildmennesket med ansvar for seg sjølv og fellesskapen.
- Desentralisering av makt, kapital og busetnad.
- Kulturelt rotfeste.
- Eit samfunn i økologisk balanse.
- Blandingsøkonomi og privat eigedomsrett.

Tryggleik og velferd

Gjennom ulike fasar i livet vil me alle ha trong for offentlege velferdstilbod. Stord Senterparti vil at innbyggjarane på Stord skal vera trygge på at dei vil få den hjelpa dei treng når dei treng ho.

Dette inneber at me må ha eit godt tilbod for nyfødde på helsestasjonen, eit variert barnehagetilbod med god kvalitet, ein god skule og eit trygt oppvekstmiljø, eit tilrettelagt tilbod for funksjonshemma, ei rus- og psykiatriomsorg som fungerer, ei sjuke- og eldreomsorg med pasienten i sentrum, og me må gjeva støtte til dei som har hamna i ein vanskeleg livssituasjon.

Industri, næringsliv og handel på Stord er på veg oppover etter nokre år med lågare aktivitet.. Senterpartiet meiner Stord må satsa på fleire kompetanse-arbeidsplassar samstundes som me også i framtida byggjer på verdas beste fagarbeidarar. Då er me avhengige av både å trekkja ny arbeidskraft til øya og å behalda og vidareutvikla dei som bur og arbeider her i dag. Til beste for både nye og gamle innbyggjarar vil Stord Senterparti gjera Stord til ein endå betre stad å bu. For å få til dette vil me ta vare på sentrumsnære grøntområde - særskilt langs sjølina, støtta kultur- og idrettslivet og rusta opp og utvikla vidare nettet av turstiar og gang- og sykkelvegar..

Stord Senterparti er oppteke av å tenkja langsiktig, både når det gjeld menneske, miljø og økonomi. Me ynskjer eit Stord-samfunn der innbyggjarane tek omsyn til kvarandre og til øya vår. Ein trygg, meiningsfull og triveleg kvardag for alle legg det beste grunnlaget for varig velferd for stordabuen.

I perioden vil Stord Senterparti arbeida for:

Trygge oppvekstvilkår

Dei som veks opp i Stord kommune skal ha trygge og gode oppvekstvilkår, både i nærmiljøet der dei bur, i barnehagen og på skulen. Det er viktig at miljøet rundt borna utgjer ein heilskap. Samstundes må me syta for at alle har tilbod om aktivitetar som dei kan vera med på.

SP vil arbeida for at:

- Førebyggjande arbeid drive blant born og ungdom skal prioriterast. Me vil blant anna prioritera MOT, natteravnane, skulehelsetenesta og ungdomsstasjonen.
- Lag og organisasjonar som driv førebyggjande arbeid mellom born og unge skal få støtte, og legga til rette for at desse skal bidra inn i skulen og andre stader der unge er.
- Fritidsklubbane skal drivast vidare.
- Kampen mot mobbing, både fysisk og på nettet, skal styrkast.
- Førebyggjande psykisk helsearbeid skal prioriterast.

- Born og unge skal ha tilgang til eit variert fritidstilbod der det også er tilbod utanom det tradisjonelle idretts- og kulturlivet.
- Det vert etablert eit team som får ansvar for å ta tak i familiekriser som ikkje vert fanga opp av andre tenester i kommunen.

Den gode skulen

Den gode skulen har som hovudoppgåve å gjera elevane til gagns menneske for heim og samfunn. Ved sida av å gje naudsynt kunnskap, er skulen viktigare enn nokon gong før som verdi- og normgjevar.

Det er eit etterslep på vedlikehald og nybygg av skulelokale på Stord, og aukande barnetal gjer at det må satsast på skulebygg på Stord framover.

Senterpartiet meiner at læraren er den viktigaste ressursen i opplæringa. Læraren skal leggja til rette for tilpassa opplæring, slik at elevane best mogleg kan nå sitt fulla potensiale. For å få til ei god tilpassa opplæring meiner me det må vere eit tett samarbeid mellom lærar, elev og heim.

SP vil arbeida for at:

- Nysæter ungdomskule med kultur- og idrettsbygg skal stå klar til bruk ved skulestart 2021.
- Bygging av nye skulelokale i Langelandskrinsen skal prioriterast etter Nysæter ungdomsskule, der ein også skal vurdera etablering av ein skule-avdeling i Hatland/Kårevik-området.
- Symjeundervisninga skal styrkast. Elevane i stordskulen skal ha ei godt tilbod med godkjent opplæringsbasseng til symjeundervisninga.
- Elevane får variert undervisning med vekt på både teoretisk og praktisk gjennomføring.
- Elevane i ungdomsskulen skal få tilbod om leksehjelp.
- Skulen skal driva aktivt med vurdering for læring og følge opp resultatata til kvar einskild elev.
- Kommunen legg til rette for kompetanseheving for undervisningspersonale.
- Kommune skal passa på at det til ei kvar tid er lærarar med rett kompetanse i skulen.
- Elevressursen skal minimum prisjusterast kvart år.
- Det skal vera eit tilbod om SFO på alle barneskulane på Stord.
- Moderasjonsordningar for SFO vert utgreidd, og at maksimalpris vert vurdert.
- Skyssordninga for skuleelevane frå Huglo blir vidareført.
- Skulebygga på Stord skal rustast opp og vedlikehaldast minst på nivå med nasjonale standardar.

Barnehage

Satsing på barnehageutbygging dei siste åra har gjort barnehagedrift til ein stor del av kommunen sin aktivitet. Dei siste åra har berre private barnehagar vorte bygd, men Senterpartiet er positive til at den neste større utbygginga skal skje i kommunal regi. Både kommunale og private barnehagar må sikrast gode vilkår for si drift.

SP vil arbeida for:

- Fleire pedagogar i barnehagane på Stord.
- Det skal vera eit variert barnehagetilbod med ulike storleikar og ulike fokusområde.
- Alle skal ha tilbod om barnehageplass i nær avstand til heimen.
- Ei aktiv kompetanseutvikling av tilsette i barnehagane.
- Å tilsetja fleire spesialpedagogar innan barnehagesektoren.

Ei aktiv rusomsorg

Det viktigaste innan rusomsorga er det førebyggjande arbeidet, men som i dei fleste andre lokalsamfunn, opplever diverre også Stord at ein del av innbyggjarane får problem med rus. Dei

som hamnar i ein slik situasjon er óg ein del av fellesskapen og er like verdfulle menneske som alle andre.

SP vil arbeida for at:

- Det skal vera fokus på førebygging innan rusomsorga.
- Det gode arbeidet SLT-koordinatoren gjer innan kriminal- og rusførebygging skal halda fram.
- Alle som har trong for det, skal få eigen bustad gjennom prosjektet for bustadlause, PROBIS.
- Ordninga med medikamentassistert rehabilitering gjennom MARIS-prosjektet skal halda fram.
- Utekontakten skal ha midlar til førebyggjande arbeid.

Pleie, omsorg og rehabilitering

Alle skal ha lik rett til behandling og omsorg, uavhengig av alder eller sosial status. Stord står framfor ei stor auke i talet på eldre, talet yngre pleietrengjande aukar også. Det vil difor vera trong for ei jamn auke av tilsette innan pleie-, omsorg- og rehabiliterings-sektoren.

SP vil arbeida for at:

- Pleie- og omsorgstenester ikkje skal privatiserast.
- Det jobbast intensivt, m.a. i samarbeid med stortingsgruppa vår, for å oppretthalda tilbodet ved lokalsjukehuset på Stord, inkludert akutt og fødeavdeling.
- Rehabilitering av det eldste bygget på Stord sjukeheim og auke i tal sjukeheims plassar vert gjennomført som planlagt.
- Bebruarar ved institusjonane skal få lokalt produsert og kortreist mat.
- Rehabiliteringssenteret skal brukast til rehabilitering og korttidsplassar.
- Det vert satsa på helsearbeid med fokus på førebyggjing, vedlikehald og rehabilitering, både i kommunale tenester og gjennom tilrettelegging for lag og organisasjonar som har tilbod om mosjon og aktivitetar for eldre og funksjonshemma.
- Det skal satsast på kompetanseutvikling for dei tilsette.
- Kommunen har eit tenleg tilbod om avlastningsplassar for funksjonshemma born.
- Det skal tilsetjast fleire aktivitørar på institusjonar og i samband med dagsenter.
- Kommunen skal tilby eit godt og meningsfullt tilbod for utviklingshemma.
- Det vert tilsett fleire helsesjukepleiarar i skulehelsetenesta og på helsestasjon, ihht nasjonale retningslinjer.
- Jordmortenesta i kommunen vert styrka.
- Kommunen har ein plan for å rekruttera fagkompetanse til tenestene.

Næringslivet på Stord

Stord SP ynskjer eit rettferdig og stabilt næringsliv med gode muligheter for både etablerte og nyoppstartede næringer. Samfunnet er godt i gong med det digitale skiftet der fleire "tradisjonelle" fag vert fasa ut. Det er aukande behov for arbeidskraft med annan kompetanse som ingeniørar, data/it og nye produksjonsprosessar. De komande årene vert det konkurranse om desse arbeidstakarane. For å trekka til seg arbeidskraft vil SP bidra til å gjera Stord til ein attraktiv stad å bu, ha gode oppvekstforhold, fleire fritidstilbod, tilgjengelige og varierte bustadtomter, og eit spanande kulturliv

SP vil arbeida for at:

- Den vidaregåande skulen på Stord skal ha eit breidt utval av linjer og fag, som stettar lokal industri og næingsliv sine framtidige behov for fagarbeidarar.

- Teknikar- og ingeniørutdanning vert vidareutvikla på Stord, slik at både ungdom og dei som er i arbeid skal kunna ta ingeniør-utdanning lokalt.
- Nyetablerarar skal få profesjonell hjelp.
- Maritim Cleantech som klyngesamarbeid og nasjonalt kompetansesenter for utvikling av miljøløysingar innan maritim bransje skal få støtte frå kommunen til å utvikla seg vidare.
- Leirvik også i framtida skal vera eit levande sentrum i byen Stord, med eit godt og variert utval av lett tilgjengelege vare- og tenestetilbod og ei aktiv hamn.
- Stord skal ha tilgjengelege næringsstomter for nye verksemder som vil etablera seg.
- Stord sitt potensiale som turistmål skal utnyttast betre. Me ynskjer å knyte turisme opp til vår unike historiske kulturarv, vakre natur, og leggje til rette for aktiv turisme på Stord og i Sunnhordland.
- Gjestebåthamnene i Sagvåg, Leirvik og på Huglo skal haldast i tenleg og triveleg stand.
- Det ikkje vert opna for sundagsopne butikkar på Stord.
- Stord skal bli ein leiande kommune i regionen i det «grønne skiftet».
- Legg til rette for næringslivet inn i ei grøn framtid

Kommunikasjon og samferdsle

Stord er eit trafikknutepunkt, og Senterpartiet vil støtta ei vidareutvikling av denne funksjonen. Dette er avgjerande både for å vera attraktive for næringsverksemder og for at folk skal ønskja å leva og bu på Stord

SP vil arbeida for at:

- Standarden på kommunale vegar skal hevast, og gong- og sykkelvegar skal rustast opp.
- Det vert etablert gong og sykkelveg langs Litlabøvegen, Vatnavegen, Fjellgardsvegen og andre utsette strekningar.
- Lokalt snøggbåt- og ferjetilbod skal utviklast, og at lokal kompetanse skal brukast til å utvikla miljøteknologiske løysingar for sjøtrafikken.
- Kaia på Leirvik også i framtida skal vera eit trafikknutepunkt, med raskast mogleg overgong mellom snøggbåt og buss
- Det skal byggjast ferjefri veg Stord – Bergen. Stord Senterparti støttar brukryssing over Langenuen i sør.
- Bru frå Huglo til Tysnes skal byggjast, og me vil arbeida vidare med å knytta Kvinnherad til E39 over Huglo.
- Det skal ikkje byggast nye ferjestø i ubygd strandsone på Stord, me ynskjer å sjå på begge sider av fjorden for kortare alternativ.
- Stord lufthamn skal ha eit tenleg tilbod for næringsliv og privatpassasjerar.
- Det vert etablert fyllestasjon for hydrogen på Stord, og at mest mogleg av trafikken som ikkje kan gjerast elektrisk går over til fornybart produsert drivstoff.
- Alle husstandar på Stord skal ha tilbod om breibandspåkobling.
- Det ikkje vert innført bompengar på kommunale vegar på Stord.

Landbruk

Primærnæringsane er grunnpillaren i alle samfunn, også på Stord. Både lokalt og nasjonalt treng me eit livskraftig landbruk. Garden og grenda er viktige som matprodusentar, men òg som kulturlandskap og grønne lunger. Trygg matproduksjon tyder lokal og nasjonal forsyning.

SP vil arbeida for at:

- Bu- og driveplikta i Stord kommune skal handhevast.
- Stord kommune sin nullvisjon for omdisponering av dyrka jord skal følgjast opp.
- Landbrukskontoret skal oppretthaldast og vere ein aktiv medspelar for bønder/ grunneigarar.
- Arbeide for at bønder kan utvikla gardane ved å gi hjelp til å satse på t.d. gardsturisme, besøksgardar, Inn på tunet, 4 H gard, Sal av lokal produsert mat og utvikle ein felles arena for dette.
- Redusera bestanden av skadegjerarar som hjort og gås i eng og beite gjennom aktiv forvaltning av bestanden.
- Stimulera til at kultur landskap og natur mangfold blir i vare teke og halde i hevd.
- Det vert gjeve driftstilskot til veterinærvakt.

Kultur

Kultur er viktig for vår identitet, følelse av samhoørsle, velvære og helse. Me treng difor eit kulturmangfald på Stord som vil gjera kvardagen vår rikare. Lag og organisasjonar utgjer mykje av grunnlaget for kulturlivet, og me ynskjer å støtte opp om tiltak, idear og kreativ tankegang som kan bidra til å fremja kultur og lokal særøignhet.

SP vil arbeida for at:

- Kulturskulen skal vera eit kvalitetstilbod til unge på Stord. Me vil arbeide for at alle born som ynskjer det skal få plass på kulturskulen.
- Stord skal halda i hevd og nytta gode nynorske ord og vendingar i det skriftlege arbeidet sitt.
- Kulturhuset skal vera ein samlingsstad for kulturaktivitar på Stord, samstundes som me legg til rette for eit variert kulturtilbod i dei andre delene av kommunen.
- Det skal vera bibliotek-tilbod i alle delar av kommunen.
- Festivalar som vert arrangert på Stord skal møta ein samarbeidsvillig og fleksibel kommune som er på deira lag.
- Kor og korps skal ha tilgong på tenlege lokale
- Forsamlingshus eigd av frivillige organisasjonar skal få tilskot til vedlikehald og drift.
- Bygdeboka for Stord skal fullførast.

Idrett og folkehelse

Mosjon og frisk luft er ein føresetnad for god helse, trivnad og livskvalitet. Likevel viser det seg at stadig færre er i fysisk aktivitet. Dette kan føre med seg helseproblem for den enkelte i tillegg til store samfunnsøkonomiske kostnader. Fleire vert sjukemelde, færre kan stå i jobb til pensjonsalder, og belastninga på helsestellet vert enorm.

SP vil arbeide for at:

- Alle idrettsanlegga må få utført naudsynt vedlikehald.
- Skeisehall vert etablert på Vikahaugane.
- Det må stimulerast til meir rekrutterings- og nybyrjarverksemd innan all idrett. Dei unge treng å få prøva ulike aktivitetar, til dømes på idrettsskular.
- Det skal vera eit allsidig fritids- og idrettstilbod, med gode alternativ til dei store ballidrettane.
- Lysløypene ikkje skal verta mørklagde.
- Skogsvegnettet på Stord skal vedlikehaldast og vidareutviklast i nært samarbeid med grunneigarane.
- Ny veg til Heio vert etablert i nært samarbeid med grunneigarar
- Kommunen skal leggje til rette for tilbod om trenings- og kosthaldsveiledning til innbyggjarane

i kommunen, der prisen på tilbudet og terskelen for å bli med skal vera låg. Dette for å nå alle grupper, aldersklassar og interessegrupper i samfunnet.

- Det skal vera offentleg tilrettelagte og drivne badestrender i alle delar av kommunen.
- Folkehelsekoordinatoren og folkehelseforumet skal vidareførast.
- Støybelastninga for innbyggjarane skal ikkje overskrida nasjonale retningslinjer, og vedtekne føringar for støybelastning i reguleringsplanar skal følgjast opp og etterlevast.

Miljø

Verda i dag står overfor svært store og mange miljøutfordringar. Klimaendringar og nedbygging av matjord er to døme på vidtfemnande utfordringar me må ta alvorleg og vera med å ta ansvar for.

Framtidsretta og god naturfovaltning må ha føre var prinsippet og økologisk balanse som grunnleggjande ankerfeste.

Stord har mange verdfulle særdrag me vil ta vare på. Dette mangslungne landskapet med ein sjeldsynt artsrikdom skal me forvalta slik at det også skal koma etterkomarane våre til gode. På øya vår har me i hovudsak eit miljøvenleg næringsliv med ein industri som arbeider hardt og kreativt for å koma med framtidsretta, miljøvenlege produkt. Vidare er det eit særtrekk med industrien vår at den slepp ut lite avfall korkje til luft eller til vatn.

Sp vil arbeida for at:

- Stord sin klima og energiplan skal vera ein reiskap som skal brukast aktivt i arbeidet med natur og miljøutfordringane.
- Stord skal vera ein pådrivar for å redusera klimagassutsleppa.
- Skogplanting og skogskjøtsel skal vera eit miljøtiltak. Skogstrea våre er gode karbonfangarar, og slik er dei med å gjera at mengda av klimagassane som kjem ut i atmosfæren mindre.
- Ein må ha kontinuerleg fokus på å rydda opp i skadar som er påført naturen og miljøet på Stord.
- Det blir lagt til rette for at skuleborna kan utføra praktisk miljøarbeid ved t.d. å halda ei strand eller eit anna naturområde ryddig. Dette vil vera eit viktig arbeid som er både praktisk og haldningsskapande
- Det skal leggjast til rette for større bruk av kollektive transportmiddel.
- Kommunal bilbruk skal vera karbonnøytral.
- Enøktiltak som kjem ibuarane og miljøet til gode skal støttast både i private hus og i kommunen sine egne bygningar.
- Ådlandsvatnet skal sikrast som rekreasjonsområde og skjermast for nye kommersielle aktivitetar.
- Soleigro - planta Stord har fått i oppdrag å passa særleg godt på – har ein av dei viktigaste levestadane i og ved Ådlandsvatnet. Dette skal me ta omsyn til.
- Biologisk mangfald blir prioritert. Når ein utfører arbeid i naturen, skal ein ha medvit om kor viktig biologisk mangfald er. Ved såing og planting skal ein bruka frø og planter som er positive for insekt og særleg pollinerande insekt som t.d. bier og humler.
- Frivillige lag og organisasjonar som driv med gode uteaktivitetar skal få betre arbeidsvilkår.
- I by og natur der folk ferdast skal det setjast ut bosbøtter og askebeget. Det må og eit haldningsskapande arbeid slik at desse vert nytta og tatt vare på.
- Ein får kunnskap om resipientane i og kring dei eldre næring- og industriområde. Der det har vore utslepp av skadelege stoff, blir det rydda opp. Det bør og utførast eit systematisk kartleggingsarbeid av desse område. Ein skal og ta prøver av og analysera artar i område, som t.d. krabbar og muslingar.
- Stord kommune må få kunnskap om miljøbelastning som til ei kvar tid kan råka kommunen. Desse må vurderast nøye, og miniserast der det er mogeleg. Om så ikkje er mogeleg, må ein

syta for at miljøbelastningane i dei ulike bydelane, blir likt delte.

Ein plan- og arealpolitikk for framtida

Stord er i vekst, og det er stor trong for nye areal til både næringsføremål og bustader. I slike tider er det viktig at me tek vare på dei kvalitetane som gjer Stord til den perla ho er. Framtidige generasjonar må óg få oppleve dei varierte friluftsområda me har i dag.

SP vil arbeida for at:

- Friluftsområde langs sjølina ikkje vert bygde ut.
- Fjellet skal bevarast like urørt som det er i dag, og at det ikkje vert bygd vindmøller på Stordfjellet.
- Sentrumsnært turterreng skal vera tilgjengeleg.
- Det vert satsa på fortetting i sentrum, med høg arealutnytting.
- Grunneigarane skal vera med i heile prosessen med omreguleringar, og at dei får ta del i verdiauken ved omreguleringane.
- Nye næringsområde vert lagt ut etter behov, og det skal vera tilgjengeleg næringsareal i alle delar av kommunen.
- Leirvik og Sagvåg framleis skal ha forretningar og næringsverksemdar. I sentrum skal det ikkje berre byggjast nye bustader.
- Arealdisponering og transportutvikling skal sjåast i samanheng.
- Oppvarming basert på miljøvennlig energi får ein sentral plass i alle planprosessar av nye offentlege bygg, større næringsbygg og nye bustadområde.
- Skarvane 2 byggjefelt på Huglo vert klargjort for utbygging. Me ynskjer også å leggja til rette for fleire utleigebustad på Huglo.
- Kommunedelplan/reguleringsplan for Sagvåg vert følgt opp for å leggja til rette for vidare utvikling og vekst i området.
- Overordna planverk i form av kommuneplanar og kommunedelplanar skal følgjast ved nye utbyggingar.

Kommunal drift og organisering

Det er dei tilsette som utfører tenestene for innbyggjarane i Stord, og me er avhengig av kompetente arbeidstakarar som er motiverte og stolte av å arbeida for Stord kommune. Stord Senterparti går mot å privatisera tenester og oppgåver i Stord kommune, og ynskjer ikkje å skilja ut deler av drifta i egne selskap.

SP vil arbeida for at:

- Gammel arbeidsmiljølov vert praktisert i Stord kommune.
- 1% av dei kommunale budsjetta skal brukast til kompetanseheving for dei tilsette.
- Oppgåver som i dag er drivne i kommunal regi skal ikkje privatiserast.

Stord Senterparti vil driva ein ansvarleg politikk der drifta av kommunen skal gå med eit sunt overskot somkan brukast til investeringar. Mest mogleg av ressursbruken skal konsentrerast om å drive tenester for innbyggjarane, med hovudtyngd innan skule, pleie og omsorg og barnehagar. Administrasjonen av kommunen skal vera effektiv og handlekraftig. Ny teknologi skal takast i bruk for å frigjera ressursar til å utføra tenester. Stord Senterparti meiner det ikkje er rom for å fjerna eigedomsskatten komande fire år, men vil ikkje auka skatten ytterlegare. Eigedomsskatten skal øyremerkast investeringar innan skule og pleie og omsorgstenester, inkludert å betala kapitalutgiftene til investeringane eigedomsskatten skulle finansiera innan skule og pleie og omsorg

I tillegg ynskjer Senterpartiet også å øymerkja:

- 10% av eigedomsskatten til auka verdibevarande vedlikehald for kommunale bygg.
- 2% av eigedomsskatten, dvs rundt 800 000,- til å støtta frivillig arbeid innan kultur, idrett og andre organisasjonar.

